


ÅRSMELDING FOR 2005

*Denne so va fjorevis, so g... all.
... se. — Nam...
... ritjann for gjore ill...
... gul f...
... Dra Inngin so alob, h...
15. Gjore Gjerning a vom aa allevende.*

NASJONALT
SENTER FOR
NYNORSK
I OPPLÆRINGA



ÅRSMELDING FOR 2005

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Volda 2006

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

INNHALD

I. PRESENTASJON AV NYNORSKSENTERET | s. 7

- 1 Om senteret
- 1.1 Organisering
- 1.2 Mål
- 1.3 Oversikt over aktivitetar ved Nynorsksenteret i 2005
 - 1.3.1 FoU-arbeid
 - 1.3.2 Etterutdanning og kompetanseheving
 - 1.3.4 Kartlegging av nynorskopplæringa
 - 1.3.5 Samarbeid med Høgskulen i Volda
 - 1.3.6 Samarbeid med andre institusjonar
- 1.4 Fagrådet ved Nynorsksenteret
- 1.5 Tilsette

II. FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID | s. 12

- 2 Oversikt over FoU-verksemd i 2005
- 2.1 Større forskingsprosjekt
- 2.2 Utviklingsarbeid i grunnskule og vidaregåande skule
- 2.3 Andre prosjekt
- 2.4 Utlysing av doktorgradsstipend
- 2.5 Prosjektet «Nynorsk som sidemål»
- 2.6 Musikalen «Grammatikk og kjærleik»

III. RETTLEIING OG RÅDGJEVINGSVERKSEMD | s. 16

- 3.1 Rådgjeving
- 3.2 Rettleiing

IV. ETTER- OG VIDAREUTDANNING | s. 17

- 4.1 Skrift nr. 1 frå Nynorsksenteret: Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring
- 4.2 Kurs for lærarar
- 4.3 Kurs for tilsette i stat, kommune, næringsliv og media
- 4.4 Utdanning ved Høgskulen i Volda
- 4.5 Opplæringsfilm

V. ANNA VERKSEMD | s. 19

- 5.1 Etableringa av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
 - 5.1.1 Opninga
 - 5.1.2 Kulturkveld
 - 5.1.3 Konferansen 31. mars 2005
- 5.2 Nye læreplanar for grunnopplæringa
- 5.3 Nasjonale prøver
- 5.4 Nettstad og logo for Nynorsksenteret
 - 5.5.1 Informasjon om Nynorsksenteret
 - 5.5.2 Blestmateriell
- 5.6 Konferansar
- 5.7 Nettverk
- 5.8 Arbeid for å auke toleransen for nynorsk i media

VI. OPPSUMMERING | S. 24

I. PRESENTASJON AV NYNORSKSENTERET

1 Om senteret


Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har vore i drift sidan 1. januar 2005. Etableringa av senteret er ei oppfølging av St. meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, der det heiter: «Departementet vil opprette et nasjonalt senter for nynorsk i opplæringen som et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk» (s. 43). Senteret er organisert som eit § 18-tiltak. I § 18 «Driftsansvar for nasjonale oppgaver» i Lov om universitet og høgskoler står det:

Departementet kan i samråd med institusjonen legge driften av en nasjonal fellesoppgave til en bestemt institusjon, uten at institusjonens egne styringsorgan har ansvar for den faglige virksomheten.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, er lagt til Høgskulen i Volda. Fagleg styring og oppfølging av dei nasjonale sentra er delegert frå Utdannings- og forskingsdepartementet UFD (Kunnskapsdepartementet) til Utdanningsdirektoratet.

Det er utarbeidd eit eige mandat for senteret, sjå www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13313. Senteret er oppretta som eit § 18-tiltak der Utdanningsdirektoratet har styringsansvar i faglege spørsmål, og Høgskulen i Volda i administrative spørsmål.

1.1 Organisering



Nynorsksenteret er i dag lokalisert saman med nordisk institutt på humanistisk avdeling ved Høgskulen i Volda, og samarbeider også med Ivar Aasen-instituttet. Fagleg styring og oppfølging er lagt til Utdanningsdirektoratet, medan Høgskulen i Volda har det administrative ansvaret med personalansvar for senteret. Senteret har i dag ein senterleiar som har både fagleg og administrativt ansvar.

I det første året har ein brukt tid til å finne ut korleis ein best kan utvikle kompetansen ved senteret både i Volda og på landsbasis. Å lyse ut og tilsetje i stillingar tek tid, og for å kome fort i gang vart noverande senterleiar spurd om å ta stillinga frå 1.01.05 og til 1.08.05. Senterleiarstillinga vart så utlyst, og det var ein søkjar til stillinga, men søkjaren trekte seg før han vart tilsett i stillinga. Noverande senterleiar vart spurd om å halde fram i stillinga til 1.08.06, og har sagt seg viljug til det. Det er tilsett ein administrasjons- og kommunikasjonskonsulent og ein konsulent i halv stilling (som har andre halvpart av stillinga si på Ivar Aasen-instituttet). I tillegg er det tilsett to eksterne prosjektmedarbeidarar. Senterleiarstillinga, ei fagstilling og ei stipendiatstilling er lyste ledige og skal tilsetjast våren 2006.

1.2 Mål

Bakgrunnen for at Utdannings- og forskningsdepartementet oppretta Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er at nynorskopplæringa skal styrkjast, og at opplæringa i skriftleg nynorsk som sidemål representerer særlege utfordringar for norskfaget. Nynorsksenteret skal leie og koordinere arbeidet med å utvikle innhaldet i nynorskopplæringa. Mandatet som Nynorsksenteret har fått seier at senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa. Som del av Høgskulen i Volda har senteret også som mål å bidra til å styrkje høgskulens faglege kompetanse på dette området.

Hovudmåla for Nynorsksenteret frå Utdanningsdirektoratet i 2005:

- setje i gang forskings-, forsøks- og utviklingsarbeid i høve til nynorskopplæringa i grunnutdanninga
- å utvikle kompetanse i og formidle informasjon om nynorskopplæringa
- å kartleggje situasjonen for nynorsk som hovudmål og sidemål i opplæringa
- å opprette eit nasjonalt nettverk for nynorsk i opplæringa

1.3 Oversikt over aktivitetar ved Nynorsksenteret i 2005

I 2005 har Nynorsksenteret fått tildelt midlar på line med andre nasjonale sentra, og ein har prøvd å få i gang så mykje aktivitet som råd i det først året senteret har fungert. Det tek likevel tid å få tilsett folk i dei stillingane ein ønskjer, og å få staben ved senteret til å passe best mogleg saman når det gjeld utdanning og kompetanse. Trass i få tilsette har me fått i gang mange prosjekt for å kartleggje og betre nynorskopplæringa.

1.3.1 FoU-arbeid

Aktiviteten ved senteret skal vere bygt på forskings- og utviklingsarbeid, og Nynorsksenteret prøver å vinne ny kunnskap om nynorskopplæringa gjennom ulike prosjekt rundt om i landet. Det er sett i gang åtte større FoU-prosjekt og seks mindre utviklingsarbeid. Prosjekta spenner over ulike område av nynorskundervisninga og vil venteleg gje grunnlag for nye metodar og arbeidsmåtar. Nynorsksenteret har etablert samarbeid med Ivar Aasen-instituttet i Volda med stipend til masterstudentar som skriv oppgåver som omhandlar emne som er innanfor mandatet til Nynorsksenteret. Det er utlyst ei stipendiatstilling ved Nynorsksenteret, og ein reknar med å ha stipendiaten i arbeid frå 1. august 2006. Høgskulen i Vestfold og Nynorsksenteret har planar om eit samarbeidsprosjekt med samanlikning av språksituasjonen for lærarstudentar i Spania (Barcelona) og Noreg.

1.3.2 Etterutdanning og kompetanseheving

Nynorsksenteret har fått i gang etterutdanningskurs i nynorsk barne- og ungdomslitteratur, og arbeider med å lage nynorske skrivekurs for ungdomsskulen og vidaregåande skule som

skal leggjast ut på nettstaden til Nynorsksenteret til fri bruk for alle som kan ha nytte av slike kurs. Trongen for slike kurs ser ut til å vere stor, og Nynorsksenteret arbeider hardt for å skaffe fleire kurshaldarar rundt om i heile landet.

1.3.4 Kartlegging av nynorskopplæringa

Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Nynorsksenteret har utarbeidd ei spørjegransking for å kartleggje sidemålsundervisninga i Noreg. Først og fremst vil ein gjerne vite noko om sidemålsundervisninga i nynorsk og har sendt spørsmåla til elevar, lærarar og rektorar. For samanlikninga si skuld tek ein òg med skular som har bokmål som sidemål. Granskinga skal vere ei kartlegging og eit utgangspunkt for endring til det betre for sidemålsundervisninga.

1.3.5 Samarbeid med Høgskulen i Volda

Leiar og kommunikasjonskonsulent ved Nynorsksenteret er lokalisert på humanistisk avdeling ved Høgskulen i Volda. Nynorsksenteret samarbeider med Ivar Aasen-instituttet og har ein konsulent i halv stilling som er lokalisert på Ivar Aasen-instituttet. Ein samarbeider òg med høgskulen om å gje kompetansegevande utdanning ved halvårseininga «Nynorsk i opplæringa». Ved Høgskulen i Volda er det sett gang eit større FoU-arbeid: Å utarbeide arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege på nynorsk.

1.3.6 Samarbeid med andre institusjonar

Nynorsksenteret har dette første året det har vore i drift fått i stand samarbeid med ei rekkje institusjonar. Summarisk kan ein nemne desse institusjonane:

- Universitetet i Stavanger, Lesesenteret i NOLES-samarbeidet
- Universitetet i Bergen, Endre Brunstad, vitskapleg rettleiar for FoU-arbeid ved Nynorsksenteret
- Høgskulen Stord/Haugesund, FoU-arbeid ved Hege Myklebust
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, leiar i fagrådet ved Nynorsksenteret Jan Olav Fretland
- Høgskolen i Sør-Trøndelag, ved Synnøve Matre medlem i fagrådet og i kommisjon for tilsetning ved Nynorsksenteret
- Universitetet i Tromsø, ved medlem i fagrådet Trond Trosterud
- Høgskolen i Hedmark, ved Tormod Stauri, FoU-arbeid
- Høgskolen i Oslo, ved Synnøve Skjong og Inger Vederhus, FoU-arbeid
- Høgskolen i Østfold, ved Benthe Kolberg Jansson, FoU-arbeid
- Høgskolen i Vestfold, ved Norunn Askeland, internasjonalt komparativt FoU-arbeid

I tillegg kjem fleire mindre samarbeidsprosjekt med grunnskular og vidaregåande skular i:

- Oslo – Holmlia skole
- Stavanger – Sandnes vidaregåande skole

- Stavanger – Våland barneskole
- Kristiansand – Sirdal videregående skole
- Gausdal – Gausdal ungdomsskole
- Ålesund – Kolvikbakken ungdomsskole
- Tromsø – Tromsdalen videregående skole og Breivika videregående skole
- Greåker – Greåker videregående skole

1.4 Fagrådet ved Nynorsksenteret

I oktober 2005 vart det teke initiativ til å setje ned eit fagråd for Nynorsksenteret som skal vere med i utforminga av arbeidet ved Nynorsksenteret. Ein prøvde å tenkje både geografisk og fagleg spreing i høve til dei som vart spurde om å vere med. Alle, med eit unntak, takka ja til førespurnaden om å vere med i fagrådet, og Nynorsksenteret og den administrative leiinga ved Høgskulen i Volda er godt nøgde med samansetjinga av rådet. Jan Olav Fretland frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er leiar i fagrådet. Rådet er samansett slik:

Jan Olav Fretland, førsteamanuensis Høgskulen i Sogn og Fjordane, leiar i fagrådet

Anne Øie, dekanus ved lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda

Jan Inge Sørbo, professor ved Ivar Aasen-instituttet

Johan Roppen, førsteamanuensis ved Avdeling for mediefag ved HVO

Ottar Grepstad, direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet

Hilde Osdal, høgskulelektor. Arbeider ved Norsk for utanlandske studentar ved HVO

Karin Heggen, skulesjef i Volda kommune

Anne Marie Holstad, norsklærer Volda ungdomsskule

Synnøve Skjong, førstelektor ved Høgskolen i Oslo

Benthe Kolberg Jansson, høgskolelektor ved Høgskolen i Østfold

Endre Brunstad, førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen

Synnøve Matre, førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag

Trond Trosterud, forskar ved Universitetet i Tromsø

Anne Steinsvik Nordal, leiar ved Nynorsksenteret

1.5 Tilsette

Ved utgangen av 2005 var desse tilsette på Nynorsksenteret:

- Anne Steinsvik Nordal (senterleiar)
- Arild Torvund Olsen (administrasjons- og kommunikasjonskonsulent)
- Roger Ole Rangsæter (konsulent)
- Janne Karin Støylen (ekstern prosjektmedarbeidar)

II. FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID

2 Oversikt over FoU-verksemnd i 2005

Våren 2005 vart det utlyst FoU-midlar til skuleretta forskings-, forsøks- og utviklingsarbeid ved Nynorsksenteret. Det kom inn 28 søknadar på FoU-midlar. Særleg interessante område er nynorskopplæringa i lærarutdanning og grunnutdanning. Stipenda varierte i storleik frå kr 10 000 til 100 000 alt etter omfang på prosjektet. Nærmare opplysningar ligg på www.nynorsksenteret.no. I første omgang vart konkrete, praktiske skuleretta prosjekt som kan gjennomførast i løpet av hausten 2005 og våren 2006 prioriterte.

2.1 Større forskingsprosjekt

Prosjekttittel	Emne	Prosjektansvarleg	Tidsrom
Nynorsk i lærarutdanninga. Vurdering av eit opplegg knytt til skrivemapper på nynorsk	Alle mappearbeid i 1. klasse skal ha nynorsk som målform i allmennlærarutdanninga ved Høgskolen i Oslo	Synnøve Skjong/ Inger Vederhus Høgskolen i Oslo	2005–2007
Sidemålsloftet – Holmlia skole	Lage god modell for sidemålsopplæring i nynorsk	Torill W. Tørjesen/ Kari Lønning Holmlia skole	2005–2006
Utvikling av læremiddel for minoritetsspråklege	Utvikle ein nynorsk arbeidsgrammatikk for bruk i vaksenopplæringa og i opplæringa i skuleverket	Hilde Osdal/ Birgitte F. Grimstad, HVO	2005–2006

Hossen nynorsk som sidemål blir integrert i den generelle skriveopplæringa	Gransking av korleis nynorsk som sidemål går inn i skriveopplæringa i vidaregåande skule	Benthe Kolberg Jansson HIØ	2005–2006
Snu steinar med n33	Mellom anna skriving av 33 tekster på nynorsk i løpet av året	Anne E. Winterhus Rolf K. Solberg Sandnes vidaregåande skole	2005–2006
Haugtussa som barnelitteratur	Elevar på 2. steg i grunnskulen vert introdusert for Haugtussa i tekst, tonar og bilete der elevane deltek kreativt i prosjektet	Lise Lunde Nilsen Våland skole	2005–2006
Nynorsk som sidemål i vidaregåande opplæring	Nye metodar i opplæringa i nynorsk som sidemål der undervisningsopplegget stort sett nettbasert	Olav Veka Tormod Stauri Ringsaker vidaregåande skole	2005–2007
Å kunna uttrykkje seg skriftleg	Korleis er den skriftlege kompetansen hos faglærarar i andre fag enn norsk. Kva slag kompetanse treng lærarane?	Hege Myklebust/ Harry Herstad HSH	2005–2006

Utvikling av nynorske læremiddel i opplæringa av minoritetsspråklege

På HVO vert det sett i gang eit prosjekt for å skaffe nynorske læremiddel til elevar og studentar som ynskjer å lære nynorsk i staden for bokmål når dei skal lære norsk. I første omgang vert det utvikla ein arbeidsgrammatikk på nynorsk som kan brukast både i skuleverket og i vaksenopplæringa. Seinare vil arbeidet halde fram med å få til eit nynorsk alternativ til fleire lærebøker for minoritetsspråklege. Også i lærarutdanninga, der HVO har eit studietilbod i «Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk», trengs det læremiddel på nynorsk. Nynorsksenteret har òg eit samarbeidsprosjekt med eit firma som vil produsere nynorske læremiddel. Arbeidsgrammatikken kjem først som trykt hefte, men vert seinare lagt ut som interaktivt dokument på nettstaden til Nynorsksenteret.

2.2 Utviklingsarbeid i grunnskule og vidaregåande skule

Skule	Emne	Prosjektansvarleg	Tidsrom
Sirdal videregående skole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Halvard Sunde(rektor) Lillian Flydal	2005–2006
Tromsdalen videregående skole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Torill Hvalrygg (rektor Tromsdalen) Bjørge Strand	2005–2006
Greåker videregående skole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Tom B. Knutsen (avdelingsleder) Ragnhild Lier.	2005–2006
Brevika videregående skole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Ingebrigt Myrvoll (rektor) Kjellaug Jetne	2005–2006
Gausdal ungdomsskole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Åse Steinbakke (rektor) Elisabeth L. Bueie	2005–2006
Kolvikbakken ungdomsskole	Bruke nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Berit Løseth Hauge (rektor) Margritt Grimstad	2005–2006

2.3 Andre prosjekt

Tittel	Emne	Ansvarleg	Tidsrom
Musikal for ungdom	Grammatikk og kjærleik. Notar og tekster + demo-CD vert tilbode til bruk i opplæringa	Astrid Eidset Rygh (tekst) Svein Olav Blindheim (musikk)	2005–2006
Lærarretteiing til MAGASINETT	Utarbeiding av lærarretteiing for bruk av MAGASINETT, eit elektronisk tidsskrift som legg vekt på nyhende, artiklar og kommentarstoff	MAGASINETT	2005–2006
Stipend til masterstudent ved Ivar Aasen-instituttet	Mastergradsprosjekt på nynorsk	Marit Wadsten	2005–2006

Stipend til mastergradsstudentar ved Ivar Aasen-instituttet

I samarbeid med Ivar Aasen-instituttet vil ein lyse ut stipend for mastergradsstudentar ved Ivar Aasen-instituttet som vil skrive oppgåver med didaktisk vinkling, eller utarbeide didaktiske opplegg til bruk for Nynorsksenteret i høve til målgruppene lærarar og lærarstudentar. Nynorsksenteret har gitt støtte på kr 20 000 til ein masterstudent.

2.4 Utlysing av doktorgradsstipend

Fagmiljøet rundt nynorskopplæringa treng styrking, og Nynorsksenteret har lyst ut eit doktorgradsstipend der ein vil prioritere didaktisk forskning på språk- og litteraturundervisning i grunnopplæringa. Nynorsksenteret har fått til eit samarbeid med Universitetet i Bergen på dette området, slik at stipendiatar kan få rettleiarar frå UiB. Avtale om forskingsrettleiing er gjort.

2.5 Prosjektet «Nynorsk som sidemål»

Prosjektet «Betre sidemålsundervisning i Bærum» var i gang før Nynorsksenteret var lagt til Volda. Det er naturleg at dette prosjektet vert knytt til Nynorsksenteret i det vidare arbeidet.

I 2003 søkte Nordisk institutt ved Odd Monsson, Anne Steinsvik Nordal og Kjell Arild Madssen om prosjektmidlar frå Læringsenteret til å forske på sidemålsundervisning i nynorsk. Gruppa fekk tildelt 200 000 til eit forprosjekt. Benthe Kolberg Jansson ved Høgskulen i Østfold vart knytt til prosjektet, og som resultat av arbeid er det skrive to arbeidsrapportar: *Nynorsk i bokmålsland: ei gransking av undervisningspraksis og haldningar til nynorsk som sidemål i ungdomsskulen i Bærum* av Anne Steinsvik Nordal og *Nynorskopplæring og didaktisk tilnærming til nynorsk som sidemål: rapport frå ei undersøking i allmennlærerutdanninga* av Benthe Kolberg Jansson.

2.6 Musikalen «Grammatikk og kjærleik»

Nynorsksenteret har kjøpt rettane til musikalen om Ivar Aasens barndom og ungdom som multikunstnaren Astri Eidset Rygh har skrive teksta til og Svein Olav Blindheim har laga musikken til. Musikalen vart første gong framført våren 2005 med stor suksess av musikklinja på Volda vidaregåande skule. Nynorsksenteret fekk tilbod om å kjøpe rettane til musikalen for å kunne tilby skular og opplæringsinstitusjonar dette opplegget som ei ny tilnærming til Ivar Aasen og nynorsken. Nynorsksenteret meiner musikalen har stor appell til barn og unge og vil ha dette tilbodet, med CD-ar og notar, klart utarbeidd våren 2006. Musikalen vil verte framført på nytt i samband med Dei Nynorske Festspela i juni 2006, og då med kjende «volda-artistar» som Beate Slettevoll Lech (Beady Belle), Simone Larsen i D`sound og rapparane i Side Brok. Det vert gjort opptak av denne versjonen som Nynorsksenteret får bruke som inspirasjon og motivasjon for dei som vil setje opp musikalen til framføring seinare.

III. RETTLEIING OG RÅDGJEVINGSVERKSEMD

3.1 Rådgjeving

Nynorsksenteret har vore rådgjevar for Utdanningsdirektoratet i kartleggingsundersøkinga av sidemålsopplæringa som TNS Gallup gjennomfører i desember 2005 og januar 2006.

3.2 Rettleiing

Av rettleiingsoppgåver er Nynorsksenteret engasjert av Ivar Aasen-instituttet til rettleiing av masterstudentar som skriv norskdidaktiske masteroppgåver. Nynorsksenteret har avtale om rettleiing i samband med forskingsoppgåver ved Nynorsksenteret med ein tilsett ved UiB.

IV. ETTER- OG VIDAREUTDANNING

4.1 Skrift nr. I frå Nynorsksenteret: Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring

Nynorsksenteret gav ut eit skrift i samband med opningskonferansen. Fleire av artiklane i boka er no pensum på nettstudiet «Nynorsk i opplæringa» ved Høgskulen i Volda. Boka har selt godt også til lærarar og andre som er interesserte i god nynorskopplæring, og av eit opplag på tre hundre er godt over halvparten selde.

Sjå www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13350 og vedlegg.

4.2 Kurs for lærarar

Nynorsksenteret skal vere med å styrkje lærarutdanninga, og senteret har fått utarbeidd kurs om nynorsk barne- og ungdomslitteratur for fleire trinn i grunnopplæringa. Litteraturkurset finst i fleire utgåver for ulike trinn i grunnutdanninga, og både for lærarar og elevar.

4.3 Kurs for tilsette i stat, kommune, næringsliv og media

Nynorsksenteret har fått utarbeidd eit nynorskkurs som kan tilpassast til ulike yrkesgrupper som har bruk for oppfrisking av nynorskkunnskapane sine.

4.4 Utdanning ved Høgskulen i Volda

Alt før Nynorsksenteret vart lagt til Høgskulen i Volda, hadde ein fått i gang nettstudiet «Nynorsk i opplæringa» med finansiering frå SOFF. Nettstudiet er eit halvtårsstudium organisert i to emne på 15 studiepoeng kvar, og vert tilbode studentar og lærarar som vil ta vidareutdanning i nynorsk. Studieåret 2005–2006 har studiet 23 studentar. I tillegg har høgskulen i Volda nordisk årsstudium og fordjupingsstudium (90 studiepoeng), og ved Ivar Aasen-instituttet har ein masterstudium i nynorsk skriftkultur.

4.5 Opplæringsfilm

Nynorsksenteret i samarbeid med Snöball Film, er i gang med planlegging for å lage undervisningsfilm til bruk i grunnopplæringa som motivasjon og inspirasjon til nye arbeidsmåtar og metodar i nynorskopplæringa. Snöball Film har tidlegare laga liknande filmar for Matematikksenteret til internopplæring av lærarar.

V. ANNA VERKSEMD

5.1 Etableringa av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Hausten 2004 vart det sett ned ei arbeidsgruppe ved Høgskulen i Volda som ut frå stortingsvedtaket skulle lage eit innspel til arbeidsoppgåver som eit Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa burde ta seg av. Arbeidsgruppa vart samansett av tilsette ved Høgskulen i Volda: Stephen Walton og Jan Inge Sørbo frå Ivar Aasen-instituttet, Bente Vatne frå Avdeling for lærarutdanning og Odd Monsson og Anne Steinsvik Nordal frå nordisk institutt ved Avdeling for humanistiske fag. Arbeidsgruppa utarbeidde ein plan for korleis arbeidet ved senteret kunne leggjast til rette og kva ressursar ein trong for å ivareta intensjonane frå Stortingsmeldinga. Denne arbeidsgruppa avslutta arbeidet sitt i desember 2004, sjå rapporten på www.hivolda.no/customer/hivolda/upload/attachment/site/group1/innstilling131204.pdf

5.1.1 Opninga

Frå 1. januar 2005 vart Anne Steinsvik Nordal tilsett som prosjektleiar ved Nynorsksenteret, og Roger Ole Rangseter tilsett som sekretær i 30 % jobb. Frå 1. mai vart sekretærstillinga utvida til 50 % stilling.

Alt i januar fekk me melding frå Utdanningsdirektoratet om at opninga av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa skulle finne stad 30. mars, og at opninga burde markerast tydeleg.

Det vart sett ned ei ny arbeidsgruppe for denne oppgåva, og med i gruppa var: Jan Inge Sørbo frå Ivar Aasen-instituttet, Lila Moberg frå Avdeling for lærarutdanning, Eirik Bech og Kristian Fuglseth frå administrasjonen ved HVO, Christel Siem frå Nynorsk kultursentrum, Johan Roppen frå Avdeling for mediefag og Odd Monsson og Anne Steinsvik Nordal frå avdeling for humanistiske fag. Rektor Gunnar Stave og direktør Jacob Kjode var òg med på fleire av møta.

Opninga av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart avvikla med stor merksemd frå publikum, fagfolk og media den 30. mars i år. Statsråd Kristin Clemet opna senteret. Til stades frå departementet var òg seniorrådgjevar Jorunn Berntzen, avdelingsdirektør Ulla Werner og informasjonssjef Egil Knudsen. Frå Utdannings- og forskingsdirektoratet var rådgjevar Tone Vindegg og seniorrådgjevar Arvid Rørtveit til stades.

Under lunsjen ved opninga hadde ein innslag frå Volda ungdomsskule ved klasse 10C som var «Grand Prix-vinnar» på ungdomsskulen i 2005. Dei hadde omsett teksta på popsongen til nynorsk, og hadde ei flott framsyning med song og dans for gjestene. Musikklinja ved Volda vidaregåande skule viste òg utdrag av musikalen «Grammatikk og kjærleik» om Ivar Aasens barndom og ungdom. Musikalen var nyskriven dette året, og musikklinja har hatt stor suksess med framføringa.

Sjølve opninga av Nynorsksenteret gjekk føre seg i Store auditorium på Berte Kanuttehuset. Rektor Gunnar Stave heldt velkomsttale, og prosjektleiar Anne Steinsvik Nordal leidde opningsseremonien og la fram planar for senteret i talen sin. Kristin Clemet skreiv namnetrekket sitt på ein veggplakett med logoen for senteret, og ho talte om bakgrunnen for å opprette eit nasjonale senter for nynorsk i opplæringa. Sjå bilete frå opninga på www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13312

Sveinn Einarsson, Islands representant i UNESCOs styre, held hovudtalen om «Språk, UNESCO och vi». Ottar Grepstad, direktør ved Nynorsk kultursentrum og Stephen Walton, professor ved Ivar Aasen-instituttet, framførte helsingstalar til opninga av senteret. I tillegg var det kunstnarlege innslag ved musikkstudentar på Høgskulen i Volda. Lina for kunst og handverk ved avdeling for lærarutdanning hadde ei flott utstilling i foajeen i Kårstadhuset. Etter opninga av Nynorsksenteret var det middag for innbodne gjester. Sjå program for opninga på www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13304

5.1.2 Kulturkveld

For å feire opninga av Nynorsksenteret skipa ein til kulturkveld 30. mars med både landskjende og meir lokalt kjende nynorskartistar. Forfattarane Olaug Nilssen og Ragnar Hovland var i bokbad saman med programleiar og kåsør Arild Hoksnes. Kvedaren Kirsten Bråten Berg og musikaren Leiv Solberg hadde ein minikonsert. Lokale kulturkrefter var representerte ved Volda Mannskor, og musikklinja ved Volda vidaregåande skule framførte fleire utdrag frå Ivar Aasen-musikalen. Sjå program for kulturkvelden på www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13305

5.1.3 Konferansen 31. mars 2005

Konferansen «Nynorsk i opplæringa» 31. mars hadde innleiarar frå grunnskular, høgskular og universitet og samla mest hundre deltakarar som kom frå rundt om i heile landet.

Knut Åge Teigen og Torill Tørjessen representerte grunnopplæringa, og la fram positive erfaringar med vellukka sidemålsundervisning i Bærum og Oslo. Synnøve Matre frå Høgskulen i Sør-Trøndelag snakka om «Nynorsken og dei yngste barna», Kjell Lars Berge frå Universitetet i Oslo tok føre seg «Fagleg og tverrfagleg skriveopplæring», Benthe Kolberg Jansson hadde eit innlegg om «Nynorsken, norskfaget og lærarutdanninga» og Roger Lockertsen snakka om «Nynorskopplæring i vidaregåande skule og lærarutdanninga». Bjørn

Kvalsvik Nicolaysen avslutta konferansen med eit grunnleggande og perspektivrikt innlegg om «Nynorsken si rolle for tilgang til kommunikasjonskultur og demokrati».

Responser på konferansen var svært gode, innleiarane har fått positive tilbakemeldingar. Mange deltakarar ynskte at innlegga på konferansen skulle kome ut som eit skrift frå Nynorsksenteret. Det vart difor laga eit skrift som fekk tittelen *Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring*. Skriftet er trykt opp i eit opplag på 300, og Nynorsksenteret har selt godt over halvparten av desse bøkene. Sjå program for konferansen på www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13307

5.2 Nye læreplanar for grunnopplæringa

Nynorsksenteret var høyringsinstans for framlegget til nye læreplanar for grunnopplæringa. Prosjektleiaren har sendt inn kommentarar og merknader. Nynorsksenteret ynskjer å vere med i det vidare arbeidet med nye læreplanar for grunnopplæringa.

5.3 Nasjonale prøver

Nynorsksenteret har hittil ikkje vore med i arbeidet med å utforme nasjonale prøver. Dei nasjonale prøvene vert sentrale i vurderingsarbeidet i grunnopplæringa, og Nynorsksenteret ynskjer å delta i arbeidet med utviklinga av prøvene. At Nynorsksenteret vert med i gruppene som arbeider med utforminga av prøvene er svært viktig for at Nynorsksenteret lukkast i arbeidet med dei oppdraga det er tildelt både i mandatet og i oppdragsbrevet for 2005.

5.4 Nettstad og logo for Nynorsksenteret

I samband med opninga vart det designa eigen logo for Nynorsksenteret, og senteret fekk oppretta ein nettstad, www.nynorsksenteret.no, som også er knytt til HVO sine nettsider. Nynorsksenteret er godt nøgd med det som vart gjort i starten, og frå midten av august har administrasjons- og kommunikasjonskonsulent ved Nynorsksenteret utvikla desse sidene på ein framifrå måte. Eit hovudsatsingsfelt for vevsida har vore å byggje opp ein ressursbase som skal syne lærarar og andre kva som finst av ressursar til bruk i nynorskundervisninga. Ressursbasen inneheld både eigenproduserte ressursar og peikarar til ressursar andre stader på verdsveven.

5.5.1 Informasjon om Nynorsksenteret

På opningsdagen hadde Nynorsksenteret pressekonferanse med stort oppmøte og god pressedekning, mellom anna med direktesending frå pressekonferansen til NRK-radio i Møre og Romsdal. Etter opninga har prosjektleiaren i fleire samanhengar orientert om det nystarta Nynorsksenteret.

Leiaren har informert om Nynorsksenteret til

- samling for dekanane i lærarutdanninga i Vestnorsk nettverk
- Det Norske Samlaget sitt årsmøte
- møte i Nynorsk Forum
- regional konferanse «Gje rom for lesing» for Aust-Agder, Rogaland; Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal
- Folkehøgskulen i Ørsta ved avdelinga for «Norsk som andrespråk»
- regionkonferanse om «Gje rom for lesing» i Ålesund i november. Prosjektet «Gje rom for lesing» er ein sentral samarbeidspartnar for Nynorsksenteret
- samling for nettverka NOLES og skulebibliotek 3. og 4. november på Hamar
- seminaret «Utfordringar for skriveopplæring og skriveforskning i dag» 16. og 17. juni på Høgskulen i Sør-Trøndelag. Her informerte leiaren om Nynorsksenteret og den rolla det kan ha i skriveopplæring og skriveforskning

5.5.2 Blestmateriell

I samband med utgjevinga av boka *Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring* vart det laga blestflygeblad som vart spreidde på konferansar og sende til høgskular og bibliotek. Det vart òg laga lysingar for boka, både i aviser/blad og på vevsider.

For å gjere Nynorsksenteret kjend er det utarbeidd ein informasjonsbrosjyre som fortel om arbeidet til senteret. Denne brosjyren er òg spreidd på konferansar.

På tampen av året vart det dessutan laga eit hefte med informasjon om kurset som tek for seg den nye nynorske barne- og ungdomslitteraturen. Sjå vedlegg.

5.6 Konferansar

I november arrangerte utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylke, Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret ein konferanse i Ålesund i samband med prosjektet «Gje rom for lesing». Nynorsksenteret la vekt på å få fram informasjon om Nynorsksenteret til lærarar og skuleleiarar som var på konferansen. I tillegg kunne Nynorsksenteret informere om eit kurs som senteret har fått utarbeidd om nynorsk faglitteratur og skjønnlitteratur som ein kan tilrå for barn og unge i samband med Kunnskapsløftet og innføring av ny læreplan for grunnsopplæringa.

Nynorsksenteret skipa til konferanse for lærarar i ungdomsskulen frå Holmlia skole i Oslo og Kolvikbakken ungdomsskole i Ålesund på HVO 26. og 27. september. Desse skulane har sett i gang forsøk med styrking av sidemålsopplæringa ved mellom anna å bruke nynorske lærebøker i andre fag enn norsk. Konferansen var kompetanseheving og motivasjon for arbeidet dei har sett i gang, og innleiarar var Stephen Walton som tok føre seg Ivar Aasen og Volda/Ørsta, Kjell Arild Madssen som snakka om norskfaget i ny læreplan og Janne Karin Støylen som gav ei oversikt over ny nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

5.7 Nettverk

Ei hovudoppgåve for Nynorsksenteret er å etablere nettverk som arbeider for å styrkje nynorskopplæringa rundt om i heile landet. Med utlysinga av FoU-midlar har me fått i gang aktivitet på fleire område og i ulike distrikt.

Deltakarane på konferansen «Nynorsk i opplæringa» vart registrerte med e-postadresser, så me har alt mange personar og institusjonar i vårt nettverk som me veit er interesserte i betre nynorskopplæring. Denne lista vert utvida kontinuerleg. Forsøks- og utviklingsarbeida som vert sette i gang med midlar frå Nynorsksenteret vil òg vere med å danne eit sterkare nettverk for nynorskundervisning og forskning.

Nynorsksenteret er medlem av *Nynorsk Forum* som er eit samarbeidstiltak for nynorskinstitusjonar, organisasjonar og verksemdar.

Hausten 2005 tok Utdanningsdirektoratet ved direktør Petter Skarheim initiativ til eit *Forum for nynorsk i skulen*, for å samarbeide med og ta imot råd frå representative grupper. Dei organisasjonane som er med i gruppa er: Noregs Mållag, Litteraturselskapet Det norske samlaget, Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Nynorsksenteret er òg med i *Nettverk for kompetanseutvikling*, som er samansett av nettverk både for fag og overgripande område. Føremålet med nettverket er å vere ein møtestad for kompetanseutvikling og informasjonsspreiing for høgskular og universitet. Høgskulen i Hedmark, Lesesenteret og Nynorsksenteret har fått ansvar for å koordinere arbeidet i *Nettverk for norsk med vekt på lese- og skriveopplæring*.

5.8 Arbeid for å auke toleransen for nynorsk i media

Nynorsksenteret har gjennom «Oppdragsbrev for 2005» frå Utdanningsdirektoratet fått som satsingsområde «å auke toleransen» for nynorsk ikkje minst i media. Nynorsksenteret vil, i samarbeid med Møreforskning i Volda og Johan Roppen frå medieavdelinga ved HVO som prosjektansvarleg, søkje om å setje i gang eit forskingsprosjekt med tittelen «Auka toleranse for og bruk av nynorsk i media». Med prosjektet vil ein få forskning og data på dette området som har vore mykje framme i media den siste tida. Noregs Mållag sin underskriftsaksjon til støtte for meir nynorsk i riksavisene samla 36 000 underskrifter. Nynorsksenteret vil vere med i arbeidet for å auke toleransen for nynorsk i media ved å setje i gang forskingsprosjekt på området.

Dette satsingsområdet er sjølvsagt viktig, men før senteret er skikkeleg etablert er det viktig for oss å konsentrere arbeidet mot skulen. Dessutan meiner me at alt arbeid ved senteret må ha som siktemål å auke toleransen for nynorsk i heile det norske samfunnet.

VI. OPPSUMMERING

I høve til dei hovudmåla som vart sette opp for arbeidet ved Nynorsksenteret i 2005, kan ein oppsummere slik:

1. Igangsetjing av FoU-arbeid: Mange prosjekt er sette i gang med geografisk spreining frå Kristiansand til Tromsø (sjå tabellar i årsmeldinga)
2. Utvikle kompetanse og formidle informasjon om nynorskopplæringa:
 - a. Bok frå konferansen: *Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring*
 - b. Undervegsrapportar om alle prosjekta som er i gang på nettstaden til Nynorsksenteret.
 - c. Kurs i nynorsk barne- og ungdomslitteratur for lærarar, lærarstudentar og elevar
 - d. Språkkurs i nynorsk for tilsette i media, stat og kommune.
 - e. Brosjyrar og flygeblad om Nynorsksenteret og verksemda ved senteret (sjå vedlegg)
3. Kartleggje situasjonen for nynorskopplæringa: Samarbeid med TNS Gallup om kartlegging av sidemålsopplæringa i nynorsk og bokmål som sidemål. I tillegg handlar fleire av FoU-arbeida som er sette i gang om kartlegging av opplæringa i nynorsk i skulen i dag
4. Oppretting av nasjonalt nettverk: Ved tildeling av FoU-midlar var eit av kriteria geografisk spreining av prosjekta som fekk støtte. Difor har Nynorsksenteret kontaktar over mest alle område i landet, men sjølvstøtt skal det nasjonale nettverket byggjast ut vidare i tida som kjem.

Volda 10.01.06

Anne Steinsvik Nordal